



Hemsedal kommune

Dykkar ref. Vår ref. Dato
 14/01693-1 20.11.2014

Referat fra SMIL møte den 10.11.2014

Tilstades:

- Pål Terje Rørby – politisk valt
- Olav Huso for Hemsedal Bondelag
- Kjell Snerte møtte som varamann for Anne Ulsaker Bækken, de møter for Hemsedal og Gol Bonde og Småbrukarlag
- Viel Ribberud og Ingebjørg Kristiansen frå administrasjon.

Vedlagt utskrift av sakene:

61/11 – VEDTAK SØKNAD PÅ SMIL MIDLAR - TOM OLE THORSET

Saka vert avgjort av:

SMIL- utvalet.

Dokument i saka:

- Søknadsskjema av 20.9.2014
- Kostnadsoverslag
- Bilder
- Kart
- SEFRAK registrering

Saksopplysningar:

Tom Ole Thorset søker om tilskot til å reparere taket i Jegerhaugen. Han skriv følgjande: *Dette er ein gamal husmannsplass som vart kjøpt til garden i nyare tid. Det er ei gamal Hallingsue som er påbygd lite. Taket er lekk så det må gjerast noko. I og med det er eit lite tun med fleire gamle bygninga tenkte eg det passa å legge bordtak. Det har vore både bordtak og helletak før. Bruksområd: Åremålsleige. Vanleg vedlikehald som høyrer med. Utan strøm og innlagt vatn.*



Tom Ole Thorset driv med mjølkeproduksjon og er søker på produksjonstilskot.

Forhold til overordna plan:

Jegerhaugen ligg i LNF område i kommuneplan.

Miljøkonsekvenser:

For alle saker som vedkjem naturmangfallet følgjer det av naturmangfalloven §7 at prinsippa i naturmangfoldloven §§8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit, og det skal framkomme av saka korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saken.

Det vert vist til opplysningane under punktet «Forhold til overordna plan» og det vert vurdert at dei miljørettsleg prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12 for å fatte offentlege vedtak er oppfylt. Viser til kart.

Økonomiske konsekvenser:

SMIL midlar kjem over jordbruksoppgjeret. Kommunane får midlar tildelt frå Fylkesmannen sin landbruksavdeling. Dei fordeler midlane til kommunane på grunnlag av eit aktivitetsbudsejtt.

Vurdering:

Hallingdalskommunane har vedteke felles tiltaksstrategi for SMIL – midlane. For 2012 – 2015. Her er følgjande tiltak prioritert høgast:

- Tiltak som styrkjar driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar
- Tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv
- Tiltak som tek vare på kulturlandskap/miljø
- Tiltak på jordbruksareal som fører til betring av kvaliteten på bekkar og vassdrag i nærområdet.
- Fellestiltak

Vidare har Hallingdal kommunane felles retningslinjer for tildeling av SMIL tilskot.

Vilkåra for tildelinga er gitt i retningslinjene.

Buskerud Fylkeskommune, utviklingaavdelingen v/ kulturvernkonsulent Jørn Jensen har vore på synfaring på Jegerhaugen den 20.9..2014, uttale av 20.10.2014 er vedlagt.

Tom Ole Thorset satte i stand eit gammalt grisehus/ sauestall på Jegerhaugen i 1998 og fekk innvilga 30 745,- kr i SMIL tilskot til det. Arbeidet er utført og godkjent.

Framlegg til vedtak:

Tom Ole Thorset får innvilga 32258 i tilskot til restaurering av taket på Hallingstugu i Jegerhaugen. Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag på 107 560,-

Vilkår:

- Søkjar skal følgje råd frå Fylkeskulturvernkonsulenten
 - Steinfjøset skal setjast i stand etter dei prinsippa kulturminneforvaltninga legg til grunn.
 - Det skal takast vare på mest mogeleg av dei opprinneleg elementa og heilskapen i bygningen. Det føreset at ein skal:
 - Vøle i standen for å skifte ut
 - Gjera naudsynte utskiftningar på ein slik måte at utsjånaden endrar seg minst mogeleg.
 - Bruke tradisjonelle matrielle og handveksteknikkar og dei fargne som opphavelg har vore brukt på kulturminnet.
 - Det er eit krav frå Statens Landbruksforvaltning at miljøplan trinn 2 skal leggjast ved,
 - Rekneskapsutdrag må leggast fram før sluttgodkjenning av tiltaket.
 - Arbeidsfrist er 31.12.2017.
-

Vedtak:

SMIL utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Tom Ole Thorset får innvilga 32258 i tilskot til restaurering av taket på Hallingstugu i Jegerhaugen. Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag på 107 560,-

Vilkår:

- Søkjar skal følgje råd frå Fylkeskulturvernkonsulenten
- Steinfjøset skal setjast i stand etter dei prinsippa kulturminneforvaltninga legg til grunn.
- Det skal takast vare på mest mogeleg av dei opprinneleg elementa og heilskapen i bygningen. Det føreset at ein skal:
 - Vøle i standen for å skifte ut
 - Gjera naudsynte utskiftningar på ein slik måte at utsjånaden endrar seg minst mogeleg.
 - Bruke tradisjonelle matrielle og handveksteknikkar og dei fargne som opphavelg har vore brukt på kulturminnet.
- Det er eit krav frå Statens Landbruksforvaltning at miljøplan trinn 2 skal leggjast ved,
- Rekneskapsutdrag må leggast fram før sluttgodkjenning av tiltaket.
- Arbeidsfrist er 31.12.2017.
- **Utbetaling:**
 - Fylkesmannen utbetaler tilskot etter søknad frå kommunen når det føreligger skiftleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta i mot tilskot er oppfylt. Eingongstilskot utbetalast når tiltaket er gjennomført. For eingongstilskot over 10 000 kr kan det foretas delutbetalingar etter kvart som tiltaket blir utført. Minst 25% av tilskotet skal haldast tilbake til arbeidet er fullført og endeleg rekneskap føreligger.
-
- **Kontroll:**
 - Fylkesmannen eller kommunen skal følgje opp og føre kontroll med dei tiltaka som får støtte. Den som får støtte må gje dei opplysningane som er nødvendige.
- **Tilbakebetaling:**

- Tilskot kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for å gje tilskot.
- **Arbeidsfristar:**
- Eingongstiltaket skal være gjennomført innan 31.12.2017
- **Klage:**
- Vedtak som er tatt i medhald til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket gir klagerett etter lov av 10 februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap VI. Klagefrist er 3 veker frå melding om avgjersla er mottatt.
- Fylkesmannen i Buskerud er klageinstans og klagen sendes om kommunen.

81/1 VEDTAK PÅ SØKNAD OM SMIL MIDLAR – KJETIL TUV

SMIL utvalet hadde møte den 10.11.2014.

Saka vert avgjort av:

SMIL utvalet.

Dokument i saka:

- Søknadsskjema av 9.9.2014
- Kart

Saksopplysninger

Kjetil Tuv søker om SMIL tilskot til å opne kulturlandskapet og rydde ein gamal stølsvoll. Stølen ligg i nordre Holdeskaret, eit mykje brukt tur område i Hemsedal. Det står ei gamal stølsbu og stølsfjøs på vollen. Rydde brikken med gravemaskin for å få fram vollen og gamle steingjerder rundt. Under bruksområde skriv han følgjande: Garden har andre beiteområde, men vollen er synleg og eit viktig kulturlandskapselement. Skal holdast vedlike ved rydding.

Forhold til overordna plan:

Arealene ligg som LNF – R område i kommunedelplan .

Miljøkonsekvenser:

For alle saker som vedkjem naturmangfallet følgjer det av naturmangfallogen §7 at prinsippa i naturmangfaldloven §§8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal framkomme av saka korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saken.

Det vert vist til opplysningane under punktet «Forhold til overordna plan» og det vert vurdert at dei miljørettsleg prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12 for å fatte offentlege vedtak er oppfylt

Økonomiske konsekvenser:

SMIL midlar kjem over jordbruksoppgjeret. Kommunane får midlar tildelt frå Fylkesmannen sin landbruksavdeling. Dei fordeler midlane til kommunane på grunnlag av eit aktivitetsbudsejtt.

Vurdering:

Hallingdals kommunane har vedteke felles tiltaksstrategi for SMIL – midlane. For 2012 – 2015. Her er følgjande tiltak prioritert høgast:

- Tiltak som styrkjar driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar
- Tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv
- Tiltak som tek vare på kulturlandskap/miljø
- Tiltak på jordbruksareal som fører til betring av kvaliteten på bekkar og vassdrag i nærområdet.
- Fellestiltak

Vidare har Hallingdal kommunane felles retningslinjer for tildeling av SMIL tilskot.

Vilkåra for tildelinga er gitt i retningslinjene.

Kjetil Tuv søker om tilskot til rydding av 9 dekar.

Tiltaket er kostnadsrekna til 21 527,- kr

Det vil si ein kostnad på 2 391,- pr dekar.

Administrasjonen ved Ingebjørg Kristiansen og Viel Ribberud er innhabile i forhold til søknaden. Framlegg til vedtak vert framlagt av Teknisk sjef Ola K. Frogner.

Framlegg til vedtak:

Kjetil Tuv får innvilga kr 6 458,- kr i SMIL tilskot til rydding av stølsvoll i Holdeskaret.

Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag.

Vilkår:

- Tilskotet er betinga av at det vert rydda innanfor området, og tilskotet skal ikkje utbetalast før også rydding er utført og godkjent.
- Minst 50% av arealet skal vera grasdekt før arealet er berettiga produksjonstilskot
- Det skal haldast oppe tilstrekkeleg beitepress på arealet, eller området må skjøttast på anna vis i 10 år frå utbetalt tilskot.
- Det kan ikkje gjevast tilskot til rydding av same arealet før det har gått 20 år
- Rekneskap må leggest fram før sluttgodkjenning / utbetaling av tiltaket
- Hvis det kjem fram freda kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoppast og kulturminneforvaltninga i Buskerud Fylkeskommune kontaktast.
- Arbeidsfrist vert sett til 31.12.2017

Vedtak:

Kjetil Tuv får innvilga kr 6 458,- kr i SMIL tilskot til rydding av stølsvoll i Holdeskaret.

Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag.

Vilkår:

- Tilskotet er betinga av at det vert rydda innanfor området, og tilskotet skal ikkje utbetalast før også rydding er utført og godkjent.

- Minst 50% av arealet skal vera grasdekt før arealet er berettiga produksjonstilskot
- Det skal haldast oppe tilstrekkeleg beitepress på arealet, eller området må skjøttast på anna vis i 10 år frå utbetalt tilskot.
- Det kan ikkje gjevast tilskot til rydding av same arealet før det har gått 20 år
- Rekneskap må leggjast fram før sluttgodkjenning / utbetaling av tiltaket
- Hvis det kjem fram freda kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoppast og kulturminneforvaltninga i Buskerud Fylkeskommune kontaktast.
- Arbeidsfrist vert sett til 31.12.2017

Utbetaling:

Fylkesmannen utbetaler tilskot etter søknad frå kommunen når det føreligger skiftleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta i mot tilskot er oppfylt. Eingongstilskot utbetalast når tiltaket er gjennomført. For eingongstilskot over 10 000 kr kan det foretas delutbetalingar etter kvart som tiltaket blir utført. Minst 25% av tilskotet skal haldast tilbake til arbeidet er fullført og endeleg rekneskap føreligger.

Kontroll:

Fylkesmannen eller kommunen skal følgje opp og føre kontroll med dei tiltaka som får støtte. Den som får støtte må gje dei opplysningane som er nødvendige.

Tilbakebetaling:

Tilskot kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for å gje tilskot.

Arbeidsfristar:

Eingongstiltaket skal være gjennomført innan 30.06.2017

Klage:

Vedtak som er tatt i medhald til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket gir klagerett etter lov av 10 februar 1967 om behandlingssaker(forvaltningsloven) kap VI. Klagefrist er 3 veker frå melding om avgjersla er mottatt.

Fylkesmannen i Buskerud er klageinstans og klagen sendes om kommunen.

61/9 VEDTAK PÅ SØKNAD OM SMIL MIDLAR – OLA MARKEGÅRD

SMIL utvalet hadde møte den 10.11.2014.

Dokument i saka:

- Søknadsskjema av 2.10.2014
- Kart

Saksopplysninger

Ola Markegård søker om SMIL tilskot til å tynne og rydde ein gamal stølsvoll, Øvrestølen på Torsetstølane. I tillegg ønskjer han å rydde innmarksbeite heime.

Ola Markegård slutta med mjølkekyr for nokre år sidan. Han er passiv medlem i Løkji DA, samdrift. Løkji DA har dyr på bitene til Markegård. Det er lagt ved eit skriv frå Torleiv Løken, driver av Løkji DA der han skriv: *Løkji DA hadde i sommar 9 drektige kviger på Øvrestølen. Det gjekk 9 kvger og ei ku på beite heime på garden. Begge beitene er gode og gjer god tilvekst og trivsel for dyra. Løkji DA ynskjer å bruke begge beiteområda i åra som kjem.*

Ola Markegård driver jorda si sjølv og sel foret til Løkji DA, samdrift. Han er søker på produksjonstilskot

Forhold til overordna plan:

Arealene ligg som LNF område i kommunedelplan .

Miljøkonsekvenser:

For alle saker som vedkjem naturmangfallet følgjer det av naturmangfaloven §7 at prinsippa i naturmangfoldloven §§8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal framkomme av saka korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saken.

Det vert vist til opplysningane under punktet «Forhold til overordna plan» og det vert vurdert at dei miljørettsleg prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12 for å fatte offentlege vedtak er oppfylt

Økonomiske konsekvenser:

SMIL midlar kjem over jordbruksoppgjeret. Kommunane får midlar tildelt frå Fylkesmannen sin landbruksavdeling. Dei fordeler midlane til kommunane på grunnlag av eit aktivitetsbudsejtt.

Vurdering:

Hallingdals kommunane har vedteke felles tiltaksstrategi for SMIL – midlane. For 2012 – 2015. Her er følgjande tiltak prioritert høgast:

- Tiltak som styrkjar driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar
- Tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv
- Tiltak som tek vare på kulturlandskap/miljø
- Tiltak på jordbruksareal som fører til betring av kvaliteten på bekkar og vassdrag i nærområdet.
- Fellestiltak

Vidare har Hallingdal kommunane felles retningslinjer for tildeling av SMIL tilskot.

Vilkåra for tildelinga er gitt i retningslinjene.

Ola Markegård søker om tilskot til rydding av 36 dekar på Øvre stølen, 17 av desse er klassifisert som beite i dag. Resten er anna grunnlendt fastmark, det vil si gjenngrodde beiter. Heile vollen har tidlegare vore beita, trenget bærer preg av det.

Det skal ryddast 27 dekar heime. Alt her er klassifisert som innmarksbeite.

Tiltaket er kostnadsrekna til 189 000,- kr , totalt areal 63 dekar.

Det vil si ein kostnad på 3000,- pr dekar.

Framlegg til vedtak:

Ola Markegård får innvilga kr 47 250,- kr i SMIL tilskot til rydding av stølsvollen på Øvrestølane og beite heime.

Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag på 157 500 kr, det vil si 2 500 kr pr dekar.

Vilkår:

- Tilskotet er betinga av at det vert rydda innanfor området, og tilskotet skal ikkje utbetalast før også rydding er utført og godkjent.
- Minst 50% av arealet skal vera grasdekt før arealet er berettiga produksjonstilskot
- Det skal haldast oppe tilstrekkeleg beitepress på arealet, eller området må skjøttast på anna vis i 10 år frå utbetalt tilskot.
- Det kan ikkje gjevast tilskot til rydding av same arealet før det har gått 20 år
- Rekneskap må leggjast fram før sluttgodkjenning / utbetaling av tiltaket
- Hvis det kjem fram freda kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoppast og kulturminneforvaltninga i Buskerud Fylkeskommune kontaktast.

- **Arbeidsfrist vert sett til 31.12.2017**

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter forvaltningslova. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune innan tre veker.

Vedtak:

Ola Markegård får innvilga kr 47 250,- kr i SMIL tilskot til rydding av stølsvollen på Øvrestølane og beite heime.

Tilskotet er 30% av godkjent kostnadsoverslag på 157 500 kr, det vil si 2 500 kr pr dekar..

Vilkår:

- Tilskotet er betinga av at det vert rydda innanfor området, og tilskotet skal ikkje utbetalast før også rydding er utført og godkjent.
- Minst 50% av arealet skal vera grasdekt før arealet er berettiga produksjonstilskot
- Det skal haldast oppe tilstrekkeleg beitepress på arealet, eller området må skjøttast på anna vis i 10 år frå utbetalt tilskot.
- Det kan ikkje gjevast tilskot til rydding av same arealet før det har gått 20 år
- Rekneskap må leggjast fram før sluttgodkjenning / utbetaling av tiltaket
- Hvis det kjem fram freda kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoppast og kulturminneforvaltninga i Buskerud Fylkeskommune kontaktast.

- **Arbeidsfrist vert sett til 31.12.2017**

Utbetaling:

Fylkesmannen utbetaler tilskot etter søknad frå kommunen når det føreligger skiftleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta i mot tilskot er oppfylt. Eingongstilskot utbetalast når

tiltaket er gjennomført. For eingongstilskot over 10 000 kr kan det foretas delutbetalningar etter kvart som tiltaket blir utført. Minst 25% av tilskotet skal haldast tilbake til arbeidet er fullført og endeleg rekneskap føreligger.

Kontroll:

Fylkesmannen eller kommunen skal følgje opp og føre kontroll med dei tiltaka som får støtte. Den som får støtte må gje dei opplysningane som er nødvendige.

Tilbakebetaling:

Tilskot kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for å gje tilskot.

Arbeidsfristar:

Eingongstiltaket skal være gjennomført innan 30.06.2017

Klage:

Vedtak som er tatt i medhald til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket gir klagerett etter lov av 10 februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker(forvaltningsloven) kap VI. Klagefrist er 3 veker frå melding om avgjersla er mottatt.

Fylkesmannen i Buskerud er klageinstans og klagen sendes om kommunen.

86/245 – VEDTAK PÅ SØKNAD OM SMIL MIDLAR – RESTAURERE GAMMEL UTHUS/HESTESTALL – ASTRID WENTHE

Smil utvalet i Hemsedal hadde møte den 10.11.2014

Saka vert avgjort av:

SMIL- utvalet.

Dokument i saka:

- Søknadsskjema av 20.9.2014
- Kostnadsoverslag
- Bilder
- Kart
- SEFRAK registrering

Saksopplysningar:

Astrid Wenthe søker om tilskot til setje i stand uthuset på Vente. Astrid Wenthe er eigar av gardstunet på Træet gnr 86 bnr 5. Tunet vart fradelt landbrukseigedommen i 1984. Dette er i dag ein boligeigedom.

Ho skriv at låven er bygd ca 1920, fjøsdelen frå 1700 talet og hestestall frå siste del av 1800, fjøset vart flytta då. Det som er plan å gjere med uthuset er: Støtte opp låven med nye fundament og forblende med naturstein. Videre utbedringar og forstrekningar av tak og veggar. Arbeide er tenkt utført i 2015/16.

I tunet er det fire hus. Alle saman er SEFRAK registert.

- Loft, Hemsedalstypen, dobbelt loft
- Hallingstugu
- Luu
- Uthus m/ fjøs, låve og staller.

Forhold til overordna plan:

Træet ligg i Grøndalen som er LNF område i kommuneplan.

Miljøkonsekvenser:

For alle saker som vedkjem naturmangfallet følgjer det av naturmangfalloven §7 at prinsippa i naturmangfoldloven §§8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal framkomme av saka korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saken.

Det vert vist til opplysningane under punktet «Forhold til overordna plan» og det vert vurdert at dei miljørettsleg prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12 for å fatte offentlege vedtak er oppfylt. Viser til kart.

Økonomiske konsekvenser:

SMIL midlar kjem over jordbruksoppgjæret. Kommunane får midlar tildelt frå Fylkesmannen sin landbruksavdeling. Dei fordeler midlane til kommunane på grunnlag av eit aktivitetsbudsejtt.

Vurdering:

Hallingdalskommunane har vedteke felles tiltaksstrategi for SMIL – midlane. For 2012 – 2015. Her er følgjande tiltak prioritert høgast:

- Tiltak som styrkjar driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar
- Tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv
- Tiltak som tek vare på kulturlandskap/miljø
- Tiltak på jordbruksareal som fører til betring av kvaliteten på bekkar og vassdrag i nærområdet.
- Fellestiltak

Vidare har Hallingdal kommunane felles retningslinjer for tildeling av SMIL tilskot.

Vilkåra for tildelinga er gitt i retningslinjene.

Buskerud Fylkeskommune, utviklingaavdelingen har ikkje vore på synfaring på bygget.

Framlegg til vedtak:

SMIL utvalget i Hemsedal avslår søknaden om tilskot. Det omsøkte prosjektet ligg på ein boligeigedom, som er det fradelte gardtunet på landbrukseigedomen Tæet gnr 86 bnr 5 i Grøndalen.

I følgje tiltaksstrategien for SMIL midlar i Hallingdal er ikkje dette prioritert prosjekt. Dei tildelte midlane for 2014 er veldig knappe og vi ser oss naudsynte til å fordele dei på dei aktive gardsbuka i Hemsedal. Dette fordi SMIL tilskotet er jordbruksavtale midlar.

Vilkår:

- Søkjar skal følgje råd frå Fylkeskulturvernkonsulenten
- Steinfjøset skal setjast i stand etter dei prinsippa kulturminneforvaltninga legg til grunn.
- Det skal takast vare på mest mogeleg av dei opprinneleg elementa og heilskapen i bygningen. Det føreset at ein skal:
 - Vøle i standen for å skifte ut
 - Gjera naudsynte utskiftingar på ein slik måte at utsjånaden endrar seg minst mogeleg.
 - Bruke tradisjonelle matrielle og handvektsteknikkar og dei fargne som opphoveleg har vore brukt på kulturminnet.
 - Det er eit krav frå Statens Landbruksforvaltning at miljøplan trinn 2 skal leggjast ved,
 - Rekneskapsutdrag må leggast fram før sluttgodkjenning av tiltaket.
- **Arbeidsfrist er 31.12.2017.**

Vedtaket er eit enkeltvedtak.

Vedtak:

SMIL utvalget i Hemsedal avslår søknaden om tilskot. Det omsøkte prosjektet ligg på ein boligeigedom, som er det fradelte gardtunet på landbrukseigedomen Træet gnr 86 bnr 5 i Grøndalen.

I følgje tiltaksstrategien for SMIL midlar i Hallingdal er ikkje dette prioritert prosjekt. Dei tildelte midlane for 2014 er veldig knappe og vi ser oss naudsynte til å fordele dei på dei aktive gardsbuka i Hemsedal. Dette fordi SMIL tilskotet er jordbruksavtale midlar.

Klage:

Vedtak som er tatt i medhald til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket gir klagerett etter lov av 10 februar 1967 om behandlingssaker(forvaltningsloven) kap VI. Klagefrist er 3 veker frå melding om avgjersla er mottatt.

Fylkesmannen i Buskerud er klageinstans og klagen sendes om kommunen.

Med helsing

Ingebjørg Kristiansen
Fagkonsulent landbruk

Kopi til: